



Rettleiing til Ordning for oskeonsdag

Innhold

Overordna.....	2
Motivrikdom	2
Gudstenesteform.....	2
Kommentarar til einsskilde ledd i ordninga	3
Ledd 3 Helsing.....	3
Ledd 4 <i>Påminning om livets forgjengelegdom</i>	3
Ledd 5 <i>Bønerop KYRIE</i> og ledd 14 Litani/Salme.....	3
Ledd 6 <i>Dagens bøn</i>	3
Ledd 7 <i>Bibelsk salme/Salme</i> og 12 Syndsvedkjenning	4
Ledd 8 Tekstlesing og 9 Preike.....	4
Ledd 13 <i>Tekstlesing og stille stund</i>	4
Ledd 14 Litani/Salme	4
Ledd 16 Osketeikning	4
Ledd 18 Velsigning.....	5
Forslag til alternative tekstar.....	6
Til 7 <i>Bibelsk salme/Salme</i>	6
Til 8 Tekstlesing.....	7
Til 13 Tekstlesing og stille stund.....	10
Eksempel på kort ordning for oskeonsdag.....	13

Overordna

Motivrikdom

Oskeonsdag markerer starten på kyrkjås fastetid. Ordning for oskeonsdag byggjer på tradisjonen med at oskeonsdag først og fremst markerer menneskets livsvilkår og forgjengelegdom. Det finst også fleire andre motiv som høyrer oskeonsdag til, som til dømes kamp for rettferd lokalt og globalt, samt bots- og omvendingsperspektivet.

Erkjenninga av menneskets livsvilkår kan føre både til kamp for rettferd, bot og omvendning. Val av bibeltekstar, salmar og alternative bønner som blir presentert i denne rettleiinga kan gjere desse perspektiva meir tydelege.

Ordninga gjev rom for ulike måtar å forstå forsoningslæra på. Denne rikdommen i tradisjonen og trua vår har kyrkja eit ansvar for å tydeleggjere og opne opp. Musikk spelar ei viktig rolle i denne samanhengen.

Gudstenesteform

Ordning for oskeonsdag har mange valalternativ. Dette skal gjere det mogleg å tilpasse gudstenesta til lokale forhold. Denne gudstenesta kan ein feira ut frå eit utfyllande ordning med nattverd eller som ei enkel kveldsgudsteneste.

Døme på ledd som kan brukast i ei enkel kveldsgudsteneste er lagt ved lengst bak i denne rettleiinga.

Ordning for oskeonsdag er ikkje ei lokal grunnordning. Forrettande prest avgjer i samarbeid med andre medverkande korleis ein skal gjennomføre gudstenesta.

Det er ikkje nødvendig med vedtak i sokneråd eller å gjere dei same vala som er gjort i den lokale ordninga for hovudgudstenesta. Det blir likevel tilrådd å ha eit blick mot den lokale grunnordninga i plasseringa av ledd 12 |

Syndsvedkjenning.

Ordning for oskeonsdag legg opp til at det er mogleg å feire nattverd. Dette skjer etter ordninga for nattverd slik ho er utforma i hovudgudstenesta. På ei kvardagsmesse kan det vere klokt å velje ei av dei korte ordningane for nattverd.

Fleire stader i landet er det tradisjon for skriftemålgudsteneste på oskeonsdag. Dette er fortsatt mogleg. Det er også mogleg å feire skriftemålgudsteneste med osketeikning som del av den ordninga. I slike tilfelle er det tilrådd å leggje ledd 16 | **Osketeikning** saman med ledd 9 | **Syndsvedkjenning Absolusjon** i skriftemålgudstenesta. Om ledda ikkje let seg gjere på same tid, til dømes fordi ein ikkje er mange nok medliturgar, følgjer osketeikninga absolusjonen.

Kommentarar til einskilde ledd i ordninga

Ledd 3 | Helsing

Etter opningshelsinga opnar rubrikkane for at det kan vere rom til ei kort innleiing der liturgen seier nokre få setningar om fastetida. Dette er eit høve til å skape samanheng mellom erkjenninga av menneskets livsvilkår og til dømes kamp for rettferd, som gjennom deltaking i Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Det er ikkje tanken å forklare gudstenesta eller at dette skal vere ei stutt preike. Tekstane, salmane, osketeikninga og preika kan tale for seg sjølv.

Ledd 4 | Påminning om livets forgjengelegdom

Dette leddet er i sin heilskap valfritt. Om ein tek dem med, er det mogleg å velje mellom fleire tekstar. Dei to tekstane som står i ordninga, tek utgangspunkt i menneskets forgjengelegdom. Påminninga om dette grunnleggjande livsvilkåret kan føre til både oppgjer, bot, omvendning og kamp for rettferd.

Ledd 5 | Bønerop KYRIE og ledd 14 | Litani/Salme

Bønneropet er valfritt på denne staden i ordninga. Under ledd 14 | **Litani/Salme** er det mogleg å nytte ein salme med kyrie-karakter. Ledd 14 er ikkje eit valfritt ledd.

Dersom ein ønskjer å bruke eit utvida kyrie-ledd på oskeonsdag, blir det tilrådd å leggje dette til ledd 14 | **Litani/Salme**. Dersom ledd 5 | **Bønerop KYRIE** er med, blir kyrie-ledd brukt som i Ordning for hovudgudstenesta.

Martin Luthers litani (N13 980.1 og 980.2) har ein lang tradisjon og historie i vår kyrkje og er særleg mykje brukt i fastetida. Det blir oppfordra til å nytte dette litaniet i gudstenesta oskeonsdag.

Ledd 6 | Dagens bøn

Det er også valfritt å nytte Dagens bøn på oskeonsdag. I ordninga er det oppført ein revidert versjon av Dagens bøn. Ordninga opnar også for å nytta ei lokalt utforma bøn. Slik er det også mogleg å nytte Dagens bøn for oskeonsdag slik ho vart vedtatt i 2014 og er trykt i boka «Hovudgudsteneste for Den norske kyrkja».

Ledd 7 | Bibelsk salme/Salme og 12 | Syndsvedkjenning

Salme 51 har ein sentral posisjon i Ordning for oskeonsdag. Ein kan bruke den enten som bibelsk salme i ledd 7 | **Bibelsk salme/Salme** eller som syndsvedkjenning i ledd 12 | **Synsvedkjenning**.

Dersom ein utelet ledd 7 | **Bibelsk salme/Salme** eller vel ein annan bibelsk salme eller ein annan salme, skal salme 51 lyda i ledd 12 | **Synsvedkjenning** på oskeonsdag.

Ledd 8 | Tekstlesing og 9 | Preike

Dersom ledd 4 | **Påminning om livets forgjengelegdom** er valt bort, blir ledd 8 | **Tekstlesing** første stad for bibellesing i gudstenesta på oskeonsdag.

Val av tekst i ledd 8 | **Tekstlesing** og forkynninga i ledd 9 | **Preike**, er dei stadene i gudstenesta der ein kan tydeleggjere og utlegge dagens motiv. Kyrkjeårets tekstar er ein naturleg stad å finne tekstar, men det er i denne rettleiinga foreslått nokre andre tekstar som også kan vere med å kaste lys over andre motiv som høyrer til på oskeonsdag.

Ledd 13 | Tekstlesing og stille stund

Dette leddet er valfritt. Føremålet med dette leddet er å gi den einskilde høve til å reflektere over den samanhengen og dei livsvilkåra kvar og ein er ein del av. Det er mogleg å tilpasse tekstlesinga og den stille stunda til lokale forhold og å velje andre tekstar enn dei som er foreslått i ordninga.

Ledd 14 | Litani/Salme

Dersom ledd 12 | **Synsvedkjenning** blir lagt til samlingsdelen og ledd 13 | **Tekstlesing og stille stund** er valt bort, er det tilrådd å bruke eit litani her, slik at ein unngår to salmar rett etter kvarandre.

Ledd 16 | Osketeikning

Osketeikninga er eit viktig element i gudstenesta oskeonsdag. Som dei innleiande rubrikkane i ordninga gjer greie for (punkt 2), nyttar ein ei blanding av oske og matolje til osketeikninga. Ein må ikkje blanda oska med vatn, sidan dette dannar etsande lut og kan gje sår der oska blir teikna på huda.

I leddet oppgir rubrikkane at liturgen skal gje ei kort forklåring på korleis osketeikninga vil gå føre seg. Dette er særleg viktig for å gjere denne handlinga som er framand for mange og som skjer sjeldan, trygg og føreseieleg. Liturgen må formidla at deltakarane på gudstenesta kan velje om dei ynskjer å ta del i

osketeikninga eller ikkje. Sjølv om osketeikninga skal vere med i liturgien på oskeonsdag, må ein leggje til rette for at det er mogleg å ta del i gudstjenesta utan å få oskekrossen teikna.

Ein bør også seie noko om at oska kan bli teikna på panna eller handa til den einskilde, og at vedkomande også sjølv kan teikne ved å ta oske på eigen finger. Liturgen må vere merksam på det asymmetriske i relasjonen mellom seg og den som blir teikna på, og vere medviten om at dei som tek del kan ha ulike erfaringar og reaksjonar knytt til berøring.

Osketeikninga kan enten skje stilt eller liturgen kan seie: *Menneske, hugs at du er støv. Til støv skal du vende attende* eller *Vend om og tru på evangeliet*.

Menneske, hugs at du er støv. Til støv skal du vende attende er ei parafrase av Guds tale til mennesket i 1. Mosebok 3,19b og er nytta ved osketeikninga frå mellomalderen av (latin: *memento homo quia pulvis es et in pulverem reverteris*). Orda understrekar oska som eit materielt teikn på menneskets forgjengelegdom og kan gjere oss merksame på kva som er verkeleg viktig i livet. Dette er med å kalla oss til solidaritet og handling for verda. Slik kan ein sette fleire ulike perspektiv i samband med desse orda.

Vend om og tru på evangeliet er frå Markus 1,15 og har sidan Det annet vatikankonsil (1962-1965) vore brukt i den katolske oskeonsdagsgudstenesta. Orda blir også brukt i andre kyrkjer og kan gi retning mot omvendinga eller kamp for rettferd som hovudmotiv i fastetida.

Bibeltekstane etter osketeikninga understrekar Guds kall til menneska om å vere til stades og verksam i verda.

Ledd 18 | Velsigning

Før ein lyser velsigninga, oppgir Ordning for oskeonsdag at ein nyttar ei innleiing utan halleluja.

Forslag til alternative tekstar

I Ordning for oskeonsdag er det tre stader der det er mogleg å velje andre bibeltekstar enn oppgitt i ordninga. Det gjeld 7 | **Bibelsk salme/Salme**, 8 | **Tekstlesing**, og 13 | **Tekstlesing og stille stund**. Her følgjer nokre tekstar som ein kan velje desse tre stadene. Det er også mogleg å velje andre bibeltekstar.

Til 7 | **Bibelsk salme/Salme**

Ordning for oskeonsdag foreslår å bruke salme 51 som bibelsk salme, men det er også mogleg å bruke andre bibelske salmar eller ein annan salme.

Forslag til bibelsk salme:

A

Eg sa: «Eg vil vakta min veg
så eg ikkje syndar med tunga,
eg vil setja munnkorg på meg sjølv
så lenge lovlause står framfor meg.»

Eg vart mållaus og still,
eg tagde til inga nytte.
Mi smerte vart verre.

Hjartet brann inni meg,
elden flamma opp medan eg stønna.
Eg sa med mi tunge:

«Herre, lær meg at eg skal døy,
kor få og tilmålte mine dagar er,
så eg kan skjøna at mitt liv tek slutt.»

Sjå, ei handfull levedagar har du gjeve meg,
mi levetid er som ingenting for deg,
kvart menneske er eit pust.

Som skuggebilete går dei omkring.
Fåfengt uroar dei seg.
Dei samlar i hop, men veit ikkje kven som skal ha det.

Men no, Herre, kva skal eg venta på?
Berre til deg står mi von.

Fri meg frå alle mine synder!
Gjer meg ikkje til spott for dårar!
Eg teier. Eg lèt ikkje opp munnen,

for dette er ditt verk.

Ta bort den plaga du la på meg!
Eg går til grunne når du slår med di hand.

For eg er ein heimlaus hos deg,
ein framand som alle mine fedrar.

Vend blikket ifrå meg. Så lyser eg opp
før eg går bort og ikkje er meir. **SALME 39, 2-11.13B-14**

B

Bibelsk salme for oskeonsdag, vedtatt av Kyrkjemøtet i 2014:

Frå djupet ropar eg til deg, Herre.

Herre, høyr mi røyst!
Vend øyret til mitt rop om nåde.

Dersom du, Herre, vil gøyma på synder,
Herre, kven kan då bli ståande?

Men hos deg er tilgjeving,
så vi skal frykta deg.

Eg set mi von til Herren, eg lengtar,
eg ventar på hans ord. **SALME 130,1-5**

Til 8 | Tekstlesing

Her kan ein lese frå Kyrkjeårets tekstar. Alternativt kan ein bruke ein av tekstane som ikkje blir lest under ledd 4 | **Påminning om livets forjengelegdom**, ledd 7 | **Bibelsk salme/Salme** eller 13 | **Tekstlesing og stille stund** eller ein annan høveleg tekst.

Kyrkjeårets tekstar

Første rekke – gamaltestamentleg tekst

Men sjølv no, seier Herren, vend om til meg av heile dykkar hjarte, med faste og gråt og klage. Riv hjartet sund, ikkje kleda! Vend om til Herren dykkar Gud! For han er nådig og mild, sein til vreide og rik på miskunn, og han kan angra på ulukka. **JOEL 2,12-13**

Første rekke – episteltekst

For Kristus sjølv leid for synder, éin gong for alle, den rettferdige for urettferdige, for å føra dykk fram til Gud. Med kroppen døydde han, men ved Anden vart han gjord levande, og slik gjekk han bort og forkynte for åndene som var i fangenskap. Dei hadde vore ulydige i Noahs dagar, den gongen Gud venta tolmodig medan arka vart bygd. I henne vart nokre få menneske, åtte i talet, frelste gjennom vatn. Dette er eit bilete på dåpen, som no frelser dykk òg. Dåpen er ikkje å vaska kroppen rein for skit, men ei bøn til Gud om eit godt samvit, i kraft av Jesu Kristi oppstode – han som fór opp til himmelen og no sit ved Guds høgre hand, og englar og makter og krefter er lagde under han.

Når Kristus no har lide i kroppen, skal de væpna dykk med denne tanken: Den som har lide i kroppen, har gjort seg ferdig med synda. Difor skal du ikkje lenger leva etter menneskelege lyster, men etter Guds vilje den stunda du har att å leva i kroppen. **1. PETER 3,18-4,2**

Første rekke – evangelietekst

Ta dykk i vare så de ikkje gjer dei fromme gjerningane dykkar for auga på folk, for at dei skal leggja merke til det. Då får de inga løn hos Far dykkar i himmelen. Når du gjev ei gåve til dei fattige, så blås ikkje i basun for deg sjølv, slik som hyklarane gjer i synagogane og på gatene for at folk skal rosa dei. Sanneleg, eg seier dykk: Dei har alt fått si løn. Men når du gjev ei slik gåve, så lat ikkje venstre handa di vita kva den høgre gjer. Gjev gåva di i løynd. Og Far din, som ser i det løynde, han skal løna deg. Når de bed, så gjer ikkje som hyklarane. Dei elsker å stå i synagogane og på gatehjørna og be, så folk kan sjå det. Sanneleg, eg seier dykk: Dei har alt fått si løn.

Men når du vil be, gå då inn på rommet ditt og lat att døra og be til Far din som er i det løynde. Og Far din, som ser i det løynde, skal løna deg.

Når de fastar, skal de ikkje gå med dyster mine som hyklarane; dei gjer seg til så folk skal sjå at dei fastar. Sanneleg, eg seier dykk: Dei har alt fått si løn.

Men når du fastar, skal du salva hovudet og vaska andletet, å ingen ser at du fastar, utan Far din som er i det løynde. Og Far din, som ser i det løynde, han skal løna deg. **MATTEUS 6,1-6.16-18**

Andre rekke – gamaltestamentleg tekst

Jona stod opp og gjekk til Ninive, som Herren hadde sagt. Men Ninive var ein stor by for Gud, tre dagsreiser lang. Jona byrja å gå innover i byen, og då han hadde gått ei dagsreise, ropa han: «Enno førti dagar, og så skal Ninive bli øydelagd!» Då trudde folket i Ninive på Gud. Dei ropa ut ei faste og kledde seg i sekkestrie, både store og små. Då kongen av Ninive fekk høyra om dette, reiste han seg frå tronstolen og tok av seg kongekappa. Han kledde seg i sekkestrie og sette seg i oske. Han lét ropa ut i Ninive: «Etter påbod frå kongen og stormennene hans: Ingen, korkje menneske eller dyr, storfe eller småfe, må smaka noko som helst.

Dei skal ikkje beita og ikkje drikka vatn. Dei skal kle seg i sekkestrie, både menneske og dyr, og ropa til Gud av all makt. Kvar og ein skal venda om frå sin vonde veg og sine overgrep. Kven veit, kan henda vil Gud snu om og angra og venda seg bort frå den brennande vreiden sin, så vi ikkje går under.»

Gud såg det dei gjorde, at dei vende om frå sin vonde veg. Då angra Gud på det vonde han hadde sagt han ville gjera mot dei, og han gjorde det ikkje. **JONA 3,3-10**

Andre rekke – episteltekst

Set difor all dykkar iver inn på å la trua gå i følgje med eit rett liv, og det rette livet med innsikt, innsikta med måtehald, måtehaldet med tolmod, tolmodet med gudsfrykt, gudsfrykta med syskenkjærleik og syskenkjærleiken med kjærleik til alle. For når alt dette finst hos dykk og får veksa, då blir de ikkje uverksame eller utan frukt, de som kjenner vår Herre Jesus Kristus. Men har du ikkje dette, er du nærsynt, ja, blind; du har gløymt at du er reinsa for dine gamle synder.

Difor, sysken, må de setja endå meir inn på å halda fast ved dykkar kall og utveljing. For gjer de dette, skal de aldri falla. Då skal inngangen til vår Herre og frelsar Jesu Kristi evige rike stå vidopen for dykk. **2. PETER 1,5-11**

Andre rekke – evangelietekst

Nokre skriftlærde og farisearar tok då til orde og sa: «Meister, vi vil sjå deg gjera eit teikn.» Han svara: «Ei vond og utru slekt krev teikn, men ho skal ikkje få noko anna teikn enn Jona-teiknet. For slik profeten Jona var i buken på den store fisken i tre dagar og tre netter, slik skal Menneskesonen vera tre dagar og tre netter i jorddjupet. Folk frå Ninive skal stå fram i dommen saman med denne slekta og dømma henne. For dei vende om då Jona forkynte bodskapen sin. Og her er meir enn Jona! Dronninga frå landet i sør skal stå fram i dommen saman med denne slekta og dømma henne. For ho kom heilt frå ytste enden av jorda og ville høyra Salomos visdom. Og her er meir enn Salomo! **MATTEUS 12,38-42**

Tredje rekke – gamalttestamentleg tekst

Sjå, når de fastar, blir det strid og krancling og slagsmål med urettferdige nevar. De fastar ikkje slik i dag at røysta dykkar kan høyrast i det høge.

Er dette den fasta eg har valt, ein dag då mennesket plagar seg sjølv, bøyer hovudet som eit siv og legg seg i sekk og oske? Kallar du dette for faste og ein dag etter Herrens vilje?

Nei, dette er fasta eg har valt: å løysa urettferdige lenkjer, sprengja banda i åket, setja undertrykte fri og å bryta kvart åk sund, å dela ditt brød med svoltne og la hjelpelause og heimlause koma i hus. Du skal sjå til den nakne og kle han, du skal ikkje snu ryggen til dine eigne. Då skal lyset renna for deg som morgonrøden, brått skal du lækjast. Di rettferd skal gå framfor deg og Herrens herlegdom følgja etter deg.

Då skal du kalla, og Herren skal svara, du skal ropa, og han skal seia: «Eg er her!» Om du tek bort kvart åk hos deg, ikkje peikar med fingrane og talar vondt, om du gjev av ditt eige til den svoltne og sjølv mettar den som lid naud, då skal lyset ditt gå opp i mørkret, natta di skal bli som høglys dag. **JES 58,4-10**

Tredje rekke – episteltekst

I Antiokia, i forsamlinga som fanst der, var det nokre profetar og lærarar. Der var Barnabas og Simeon, som dei kalla Niger, Lukius frå Kyréne, Manaen, fosterbror til landsfyrsten Herodes, og Saulus. Ein gong medan dei feira gudsteneste for Herren og fasta, sa Den heilage ande: «Ta no ut Barnabas og Saulus for meg til den gjerning eg har kalla dei til.» Då heldt dei faste og bøn, la hendene på dei og lét dei fara. Dei som såleis var utsende av Den heilage ande, drog først ned til Selevkia, og derifrå segla dei til Kypros.

Dei styrkte læresveinane og formana dei til å halda fast ved trua og sa: «Vi må gå inn i Guds rike gjennom mange trengsler.» I kvar forsamling valde dei ut eldste og gav dei med bøn og faste over til Herren, han som dei var komne til tru på. **ACTA 13,1-4; 14,22-23**

Tredje rekke – evangelietekst

Farisearane og læresveinane til Johannes heldt faste. Folk kom og spurde Jesus: «Kvifor fastar ikkje dine læresveinar når læresveinane til Johannes og læresveinane til farisearane gjer det?» «Kan vel bryllaupsgjestene fasta medan brudgomen er hos dei?» svara Jesus. «Så lenge dei har brudgomen hos seg, kan dei ikkje fasta. Men det skal koma ei tid då brudgomen blir teken frå dei, og når den dagen kjem, då skal dei fasta. **MARKUS 2,18-20**

Til 13 | Tekstlesing og stille stund

Som alternativ til ein av dei to tekstane som blir oppgitt i Ordning for oskeonsdag, kan ein bruke heile eller delar av ein av dei følgjande tekstane:

A

Sæl er den som set si lit til Herren, som ikkje vender seg til dei stolte, til dei som fell frå i løgn.

Store ting har du gjort for oss, Herre, min Gud, underfulle verk og planar, ingen er din like. Vil eg fortelja og tala om dei, er dei for mange til å reknast.

Du har ikkje glede i offer og gåver – du har opna mine øyre – brennoffer og syndoffer krev du ikkje. **SALME 40,5-7**

B

Du lèt mennesket bli til støv att og seier: «Menneskeborn, vend attende!» For tusen år er i dine auge som dagen i går då han fór framom, eller som ei nattevakt. Du skyl dei vekk som ein søvn om morgonen. Dei er lik graset som svinn bort. Det blømer om morgonen, så svinn det bort. Om kvelden visnar det og tørkar inn.

SALME 90,3-6

C

Velsign Herren, mi sjel! Alt som i meg er, velsign hans heilage namn.

Velsign Herren, mi sjel! Gløym ikkje alt det gode han gjer. Han tilgjev all di skuld og lækjer alle dine sjukdomar. Han friar ditt liv frå grava og kronar deg med miskunn og kjærleik. Han mettar ditt liv med det gode, du blir ung att som ørna. Herren skaper rettferd, han lèt alle undertrykte få sin rett. Han kunngjorde sine vegar for Moses, sine gjerningar for Israels folk.

Mild og nådig er Herren, sein til vreide og rik på miskunn. Han kjem ikkje med klagemål for alltid og er ikkje for evig harm. Han gjer ikkje gjengjeld for våre synder, han løner oss ikkje etter vår skuld. Så høg som himmelen er over jorda, så veldig er hans miskunn over dei som fryktar han. Så langt som aust er frå vest, tek han syndene våre bort frå oss.

Som ein far er mild med sine born, er Herren mild med dei som fryktar han.

For han veit korleis vi er skapte, han kjem i hug at vi er støv. Dagane mennesket får, er som gras, det blømer som blomen på marka. Når vinden fer over han, er han borte, staden han stod på, veit ikkje lenger av han.

Men Herrens miskunn er frå æve til æve over dei som fryktar han. Hans rettferd når til barneborn, til dei som held hans pakt og kjem i hug hans bod, så dei følgjer dei.

Herren har reist si trone i himmelen, han rår som konge over alt. Velsign Herren, de hans englar, de sterke heltar som lydige set hans ord i verk. Velsign Herren, alle hans hærar, de tenarar som set hans vilje i verk. Velsign Herren, alle hans skapningar, overalt der han rår. SALME 103

D

Herrens hand kom over meg. Ved Herrens ande førte han meg ut og sette meg ned i ein dal som var full av knoklar. Han førte meg omkring mellom dei. Sjå, det låg ei stor mengd med knoklar utover dalen, og dei var heilt tørre. Då sa han til meg: «Menneske, kan desse knoklane bli levande att?» Eg svara: «Min Herre og Gud, det veit berre du.» Han sa: «Tal profetord over desse knoklane og sei til dei: Tørre knoklar, høyr Herrens ord! Så seier Herren Gud til desse knoklane: Sjå! Eg lèt det koma ånd i dykk, så de blir levande. Eg fester sener på dykk, legg kjøtt på, dreg hud over og gjev dykk andedrag så de blir levande. Då skal de kjenna at eg er Herren.» ESEKIEL 37,1-6

E

Kom, lat oss venda om til Herren! For han reiv sund, men vil gjera oss friske, han slo, men vil forbinda oss.

Han gjer oss levande etter to dagar, den tredje dagen reiser han oss opp, så vi kan leva for hans andlet.

Lat oss læra å kjenna Herren, lat oss jaga etter å kjenna han! Sikkert som soloppgangen kjem han, han kjem til oss lik regnet, lik vårregnet som væter jorda. Kva skal eg gjera med deg, Efraim? Kva skal eg gjera med deg, Juda? Kjærleiken dykkar er som ei morgonsky, lik dogg som tidleg blir borte.

Difor har eg hogge dei ned ved profetane, drepe dei med ord frå min munn. Min dom skal gå opp som lyset. For eg vil ha kjærleik, ikkje slaktoffer, gudskjennskap framfor brennoffer. **HOSEA 6,1-6**

F

«Tida er inne, og Guds rike er kome nær. Vend om og tru på evangeliet!» **MARKUS 1,15**

Eksempel på kort ordning for oskeonsdag

I. Samling

- 1 | Førebuing
- 2 | Inngangssalme eller introitus
- 3 | Helsing

II. Ordet

- 4 | Tekstlesing
- 5 | Preike
- 6 | Salme
- 7 | Syndsvedkjenning

III. Bøn og osketeikning

- 8 | Litani/Salme
- 9 | Bøn
- 10 | Osketeikning
- 11 | Fadervår

IV. Sending

- 12 | Velsigning
- 13 | Postludium/Utgangssalme/Utgangsprosesjon